



Erlend Nævdal  
Austre Heiane 7  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/2322 - 17/20947

Saksbehandlar:  
Marianne Aadland Sandvik  
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.  
no

Dato:  
27.10.2017

## Godkjenning - gbnr 27/59 - Løyve til oppføring av mur - Moldekleiv

### Administrativt vedtak. Saknr: 284/2017

**Tiltakshavar:** Erlend Nævdal  
**Ansvarleg søkjar:** Jibo Consult John Ingvald Økland  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak:

Ansvarleg søkjar har på vegne av tiltakshavar søkt om løyve i eitt trinn for oppføring av mur og planering av terrenget på gbnr. 27/59.

Muren er omsøkt med ei høgd på inntil 2,4 meter, samt eit rekkverk med ei høgd på 1 meter, og med ei plassering 0 meter frå nabogrensa mot gbnr. 27/58, 27/54 og 27/256.

Det vert vist til søknad med vedlegg, journalført motteke 9.10.2017.

### VURDERING:

#### Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3 første ledd, og det er ikkje kome merknadar til tiltaket. Administrasjonen vurderer nabovarslinga som tilstrekkeleg.

#### Lov- og plangrunnlag:

Oppføring av konstruksjon i form av mur er «tiltak» etter pbl § 20-1 bokstav a). Det same gjeld for «vesentleig terrenginngrep» i form av planering av terrenget, jf. pbl § 20-1 bokstav k).

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Storleik på tiltaka, samt plassering, inneber at dei er søknadspliktige med krav om ansvarleg føretak, jf. pbl §§ 20-3, jf. 20-2.

Den omsøkte eigedomen er satt av til bustadbygging i Reguleringsplan for del av Moldekleiv, planid: 125620070007. Oppføring av støttemur og planering er dermed i samsvar med gjeldande arealformål.

#### Plassering:

Det følgjer av pbl § 29-4 første ledd at kommunen skal godkjenne eit byggverk si plassering, og at byggverk skal ha 4 meters avstand til nabogrenser, jf. andre ledd. For varige konsruksjonar gjeld føresegna så langt den passar, jf. pbl § 30-4 første ledd. Ettersom omsynet til branntryggleik, lys og luft kan få betydning ved oppføring av ein mur med gjerde, gjer avstandskravet i pbl § 29-4 andre ledd seg gjeldande i denne saka.

Muren er omsøkt plassert i nabogrensa mot gbnr. 27/58, 27/54 og 27/256. Ettersom eigar av desse eigedomane har samtykka til plassering av muren 0 meter frå nabogrensa, kan kommunen godkjenne omsøkt plassering, jf. pbl § 29-4 tredje ledd bokstav a). Nabosamtykke er gitt under føresetnad av at tiltaket blir utført brannteknisk på ein slik måte at det ikkje får konsekvensar for naboeigedomane sin rett til utnytting av eigen eigedom. Kommunen føreset at dette blir fylgt opp.

#### Ansvarsrett:

Ansvarsrett og tiltaksklasse i saka går fram av erklæring om ansvarsrett, journalført motteke 9.10.2017. Ansvarleg i byggjesaker står inne for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lova, jf. pbl § 23-1, og skal sjå til at alle oppgåver er belagt med ansvar, jf. pbl § 23-4 andre ledd.

#### **VEDTAK:**

*«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 bokstav a) og k) løyve til oppføring av mur og planering av terreng som omsøkt. Plassering av muren skal vere som vist på vedlagte situasjonsplan, og muren skal utførast i samsvar med vedlagte teikningar, journalført motteke 9.10.2017.*

*Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i meir enn to år, jf. pbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidlegare godkjenning.»*

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt og i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar byggjesak

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Vedlegg D kart  
Vedlegg E teikning

**Mottakarar:**

Erlend Nævdal	Austre Heiane 7	5918	FREKHAUG
Jibo Consult John Ingvald Økland	Pb. 29	5358	FJELL
Sandra Blommendal	Austre Heiane 7	5918	FREKHAUG